



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

April 1971

Nr. 3

Pasjon

Kvi skjelv kvart lauvblad i den stille natt,
Kvi dryp det blod på blomane i hagen?
Kvi er det auga så av redsle fylt,
som elles lyser varmt som sol om dagen?

Kvi legg du der, du herlege Guds son,
åleine midt i strid og hjartekvide?
Kvi gjev du deg inn under daudens tjon,
kven tvingar deg vil såleis til å lida?

Guds son i heilag kjærleik gjev seg sjølv.
Vår synd hans reine sjel som klungren stinger
så du og eg i rettferdsklednad kvit
skal ein gong lyftast over stjernerningar.

Når me må møta vårt Getsemane,
då vil han stå i stråleglans ved sida,
og med si sterke, vare frelsarhand
til sela venda alt det me lyt lida.

Ragna Rytter.

Er du plaga av tvil og likesæle?

Kjære ven,

Du skal ha takk for at du seier so rett ut at du tvilar og ikke kjenner deg likesæl, likesæl både med tanke på Gud og på kristendomen i det heile. — Men eg må seia meg heilt usamid med deg i at du synest at sidan du har det slik, so kan du ikke gjera noko, du får bare la det skura. Kjære ven, både tvilen og likesæla er farlege. Høyr kva Guds ord seier om tvilen: «Den som tvilar er som havbåra som vert drive ikring og kasta hit og dit av vinden. For ikke må det menneske tru at han skal få noko av Gud» (Jak. 1:6-7.) Og likesæla er ikke ufarleg heller. Den som er likesæl er korkje kald eller varm, og om slike seier Guds ord: «Eg veit om gjerningane dine, at du korkje er kald eller varm. Gjev du var kald eller varm! Difor etterdi du er lunka, og korkje kald eller varm vil eg spy deg ut or munnen min». (Openb. 3:16.)

Men kva kan då ein slik som eg gjera? «Eg kan ikkje gjera noko vel?» Jau det kan du! Du kan koma ut av både tvilen og likesæla. Det er berre spørsmål om du vil betala biletten for å koma ut av det landet du er kome inn i. Og billetten, kva er so det? — Trua kjem ved Ordet. Ved å høyra og lese Guds ord. Og spørsmålet er bare om du vil høyra og lesa so mykje i Guds ord, at det får føra deg ut av tvilens land og inn i fast tru. Vil du det so ta fatt med ein gong. Ta til å betala på denne biletten!

Likesæla kjem av at ein ikkje ser klårt at ein treng frelse frå synd, og heller ikkje ser kor stor ei frelse Gud har gjort ferdig for syndarar. Likesæla er som eit isfjell som smeltar når ein fester augo på si eiga synd og på Guds store nåde. Når ein ser at «eg er det fortapte og fordømde menneske som Jesus Kristus har kjøpt fri frå alle synder, og frå dødens og djevelens veld, — ikkje med gull eller sylv, men med sitt heilage og dyre blod. «Når denne sanning får stråla klårt fram i hjarta og sinn, då må likesæla letna og drive bort, — som skodda for skarpe klåre solstrålar. I Guds ord ser me klårt både vår eiga synd og Guds store nåde. — Men vil me sjå dette?

Måtte me alle få sjå det i denne påskehelga! God Påske!

Helsing
Lars Bjørsvik

Takk, prest, for at du tala om tilgjeving i dag. Eg har hatt så därleg samvæt fordi eg går så sjeldan i kyrkja.

V. K.

Flinke folk i Stamnes

I Stamnes eller stadfest på Stamneshella samlast unge folk kvar fredag til ungdomsmøte og hobbyarbeid. Det er fra Lilla Sandal som er formann i laget. Laget har ungdomsmøte med allsidigt program ein fredag og neste fredag hobbyarbeid. Dei unge set stor pris på samkomene og gler seg til kvar gong dei skal samlast. Nett no driv dei på med mosaikkarbeid i stein og sement.

Me ynskjer Stamnes Yngreslag til lukke med det gode tiltaket til signering for dei unge og for dei som steller med det. Styret i Yngreslaget er Lilla Sandal, Ivar Iversen og Ole Kvamme.

Dale Gamleheim

Dale Gamleheim har frå 1. februar i år fått mannleg styrar. Det er Terje Haukeland frå Fana. Han er 25 år gammal og gift med Ann-Magrutt fødd Vasenden.

Terje Haukeland er utdana sjukpleiar i Fredrikstad. Før han overtok stillingen som styrar for Dale Gamleheim har han arbeidt ved Haukeland sjukhus og ei tid som klokardiakon i Fana.

Me ynskjer styrar Haukeland og frue velkomne, og vonar at dei må trivast mellom oss og med gode arbeidsvilkår.

Vår takk og helsing går også til dei som trufast har gjort teneste ved gamleheimen og framleis gjer det.

KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Gudmund Skiftun, Dalekvam.

Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Sveinung Sandal, 5290 Stamneshella, tlf. Stamneshella nr. 32.

Postgiro. 723 47. Bankgiro 103385/123.

Ekspsd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

Konfirmasjonane

Konfirmasjonane nærmar seg. 96 ungdomsskuleelevar i 8. skuleåret har frå november hatt konfirmantopplæring i sine klasserom på ungdomsskulen. Konfirmantflokkane til dei fire kyrkjene som får konfirmasjon har difor også i år vore klassedelte, og då konfirmantlesinga går inn i skuletída slik ordninga no er, opplever ikkje konfirmantane samværa slik som ein gjorde før, då konfirmantlesinga var i kyrkjene. Men ein må vera takksam for den ordning ein har fått og for all velvilje frå skulestellet si side. Før konfirmasjonen vil ein også i år samla dei som skal konfirmerast i lag til samvær i kyrkjene.

Konfirmasjonen er ei frivillig sak, men vonar at alle som har vore med under konfirmantlesinga vil samlast kring Herrens altar og taka imot Guds velsigning til eit liv i forsaking og tru. Konfirmasjonsdagen er ein stor og minnerik dag som mange konfirmerte minnest med glede og takk. Me får vona på godt ver og vår i menneskelivet hjå dei som stiller seg fram i Guds hus på ein slik dag.

Konfirmantflokkene i Dale kyrkje vert i år slik lista syner 35 gutter og 24

jenter. I Vaksdal kyrkje viser lista 7 gutter og 9 jenter. I Stamnes kyrkje: 6 gutter og 10 jenter, og i Eidsland kapell: 3 gutter og 2 jenter. Ein av gutane i Eidsland er frå Eksingedalen.

G. Skiftun.

Flyktning 71

Det er framleis mange millionar flyktningar i verda. Flyktningproblemet dukkar opp snart her og snart der, og flyktningane lyt få hjelp skal dei greia seg. Situasjonen i verda i dag er verre enn på mange år.

Med tradisjon i Fridtjof Nansen sitt flyktningsarbeid, har Det norske Flyktningeråd gått inn for ein innsamlingsaksjon over heile landet, søndag den 25. april. Samstundes vert aksjonen førd i dei andre nordiske landa.

I Vaksdal kommune er alt ei aksjonsnemnd i arbeid under leding av Dagfinn Ulevik. Alle heimar vil få vitjing i nokre travle ettermiddags-timar nemidag, altså 25. april.

Kommunen vert delt opp i rader. Det er planen å be ungdomsskuleelevar hjelpe til med innsamling på dei fleire sentrale stadeiene. Alle lærarar i kommunen er bedne om å hjelpe til med innsamlinga. Det som kjem inn vert straks meldt frå om til aksjonsnemnda sitt kontor på Dale, som truleg vert skulekontoret. Frå aksjonsnemnda vert då sluttsummen teleført inn til Det norske Flyktningeråd i Oslo.

Me vonar at tilskottet frå Vaksdal også må vera med å visa kor alvorleg ein ser på flyktningsproblemets.

Hans Nielsen Hauge



I år er det 200 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd. I det høvet skal han særleg minnast rundt om i landet, søndag den 28. mars.

På det religiøse området er Hauge ein av dei største menri som Noreg har fiostra. Han vart fødd 3. april 1771 i Tune i Austfjord og vaks opp som bondegut i ein god heim. Han var glad i å syngja. Den gongen var det helst salmar ungdomen song, for slik hadde dei lært det både i heim og skule.

Velkjent er vårdagen i 1796 då den 25 år gamle Hans Nielsen gjekk bak plogen på heimegard og song på salmen: «Jesus eg hjarteleg lengtar å smaka sælaste hugnad i samfunnet ditt.» Då han var ferdig med andre verset opplevde han noko som det ikkje fanst ord for. Det var ein føremak på Guds rike, sa han seinare. Denne dagen vart avgjerande for Hans Nielsen Hauge og den rørsla som han skapte — haugianismen. Frå då av var det klårt for han at han måtte

reisa ikking og påminna folk til omvending.

Dosent Andreas Aarflot er ein av våre fremste Hauge-kjennarar. I doktorgradarbeidet sitt «Tro og lydighet» kjem Aarflot inn på Hauge som «kyrkjestormar», sosial reformator, grunnleggjar av lekimannsrørla og brubyggjar mellom kyrkje og lekfolk. Hauge let seg likevel ikkje analyserast på ein slik måte. Han var først og fremst ein utløysar av dei åndelege krefter som låg i folket. Han vekte ein religiøs trøng og sosial oppdrift både hjå bønder og borgarar.

I dag vert Hauge ofte nytta som eit statussymbol. Namnet kan lett mistyda til eit slags brystvern. Det er såleis slege åndeleg mynt på Hauge både frå kyrkja si side og frå lekfolket. Likevel er Hauge ei utfordring til kvar generasjon. Han har gjeve oss ein arv som kvart slektled må kjempa med. Difor heidrar me minnet hans best ved å prøva livsverket hans. Det er sagt om Hans Nielsen Hauge at han bar både jord og himmel i seg i tene sta for Gud og menneske.

Nesheim kyrkje får sakristi og lyskroner

Sakristiet i Nesheim kyrkje er no ferdig til å takast i bruk. Det er eit fint bygg med kjellar under og kostar noko slik som 70.000 kroner.

Fra B.K.K. har soknerådsformann Kristian Brækstad fått brev om at B.K.K. vil gjeva kyrkja lysekrona, og at dei vil senda fagfolk for å avgjera korleis lysekrona skal vera. Fin gavne som Nesheim kyrkjelyd er mykje takksame for.

Konfirmasjonar

Dale kyrkje, 25. april:

Nils Alkselberg
Gunnar Olav Bakk
Rune Berge
Arild Boge
Helge Breidvik
Robert Brekke
Terje Oddvin Bruket
Arne Claesson
Frank Robert Ekanger
Per Theodor Fardal
Arild Fossli
Jan Fykse
Birger Gullbrå
Johannes Hagebø
Dag Inge Frøland
Arne Hesjedal
Yngve Hjørnevik
Geir Magne Hvidsten
Arne Johnsen
Bjarte Ingjald Knutsen
Arnstein Langhelle
Geir Bjarte Mellingen
Jan Olsen
Ola Johan Pettersen
Knut Reigstad
Ernst Rønhovde
Arne Seim
Jan Standal
Harald Stanghelle
Randulf Strützel
Reidar Takvam
Arvid Thomassen
Ove Tveiterås
Håkon Tyssen
Kåre Atle Ulveseth
Anne Marie Auro
Sølv Birkeland
Vigdis Brattebø
Solveig Brekkhus
Bente Bruvik
Anne Britt Dale

Eva Danielsen
Jorunn Eide
Eli Marit Eikefet
Sølv Irene Eikefet
Anne Lise Fenne
Torild Geitle
Sissel Hesjedal
Mai Elisabeth Hosaaas
Irene Hvidsten
Jorunn Hvidsten
Inger Hærnes
Anne Jorunn Johansen
Hilde Jorunn Lie
Unni Elisabeth Sellevold
Ragnhild Skjerpe
Bjørg Rørbaakken
Elin Johanne Vedå
Aslaug Vøllestad

Stamnes kyrkje, 25. april:

Rune Berntzen
Knut Just Dyvik
Rune Dyvik
Audun Kalstad
Knut Helge Kulshammer
Bjørn Stamnesfet
Ase Audhild Dyvik
Astrid Grøsvik
Solfrid Kalvik
Inger Berit Sandal
Bjørg Solheim
Bjørg June Vedå
Jane Wenche Vik
Ragnhild Vik
Gunhild Aas
Torill Aas

Vaksdal kyrkje, 9. mai:

Helge Eilifsen
Aksel Erstad
Ole Erstad
Steinar Knutsen
Knut Olsnes
Reidar Olsnes
Vidar Steinsbø

Gerd Karin Fauske
 Ruth Jørgensen
 Torunn Marie Krogsrød
 Edith Langhelle
 Kari Langhelle
 Solveig Larsen
 Karin Marie Sæterdal
 Marit Irene Tolås
 Anne Lise Ulevik
Eidsland kapell, 9. mai:
 Anders Brørsvik
 Audun Mo
 Jan Håkon Næset
 Ashild Eide
 Kjellaug Ekse

Leirstaden i Eksingedalen

Fagerdal skule som Norges Samemisjon har innreida til leirstad vert i påsketidene teken i bruk som leirstad for omlag 35 leirgjester. Påskelirene tek til onsdag den 7. april om kvelden og varer til middagstider 2. påskedag. Aldersgrensa er fra 14 år og oppover. Langfredag vert det møte på leirstaden kl. 17.00 ved Odd Alvheim og Rolf Nilsen. 1. påskedag kl. 11.00 møte i Eksingedalen kyrkje ved Rolf Nilsen og Torger Reve.

Innkomne bladpengar

i februar og mars.

Sigrun Straume	kr. 160,—
Ragnar Ekse	> 50,—
Margit Helle	> 335,—
Inger Farestveit	> 70,—
Elsa Fjærén	> 80,—
Margit Kvamme	> 60,—
Magne Hesjedal	> 20,—
Sveinung Sandal	> 115,—
Ivar Iversen	> 140,—
Direkte frå tingalarar	> 70,—
Takk for innsatsen.	
Sveinung Sandal.	

Kyrkjeloge handlingar**DØYPTE:****DALE:**

Vegar Sellevold, fødd 21. desember 1970, døypt 6. mars.
 Ståle Kallestad Hesjedal, fødd 9. januar 1971, døypt 6. mars.

Jan Terje Haukeland, fødd 31. januar 1971, døypt 13. mars.

Eli Marit Hvidsten, fødd 8. november 1970, døypt 20. februar.

Linda Kvamme, fødd 22. november 1970, døypt 20. februar.

VAKSDAL:

Frode Davidsen, fødd 24. november 1970, døypt 3. mars 1971.

Ingrid Mellesdal, fødd 8. desember 1970, døypt 3. mars 1971.

VIGDE:**DALE:**

Magnar Gjermo og Solfrid Langeland, vigde 20. februar.

Terje Skaftun og Anne Margrethe Brekkhus, vigde 20. februar.

Edvin Alfred Erntsén og Else Karin Døssland, vigde 27. februar.

Holger Sellevold og Else Vågen, vigde 6. mars.

Jakob Møster og Kristi Audgunn Andersen, vigde 17. mars.

AVLIDNE:**DALE:**

Knut Furnes, fødd 1. februar 1897, døydd 27. febr. 1971, gravlagd 6. mars.

VAKSDAL:

Anna Mathilde Langhelle, fødd 3. mai 1913, døydd 28. febr., gravlagd 5. mars.

Anders Eriksen Hermundsdal, fødd 19. febr. 1887, døydd 2. mars 1971, gravlagd 9. mars.

Dale Mannskor ~ 40 år

Dale Mannskor har høgtida 40 års jubileum med songarfest i Dale Fabrikkers kantine. Koret tel fem songarar som har vore med frå starten. Noverande og mangeårig formann er Øyvind Vatle.

Kyrkjeblaadet vil vera fram takk og helsing til jubilanten. Ved dei mange høve og på høgtidsdagar har Dale Mannskor gledd kyrkjelyden på Dale med sin vakre song. Dirigent i jubileumsåret er organist Lars Ragnvaldsen.

GUDSTENESTER**Palmesøndag (4. april):**

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun.
 Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

Skjærtorsdag:

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.
 Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.
 Nesheim kyrkje: Res. kap. Knut Hernes. Nattverd.

Bergsdalen kapell kl. 17.00: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.

Langfredag:

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.
 Eidsland kapell: Sokneprest Skiftun. Nattverd.
 Eksingedalen kyrkje kl. 17.00: Møte ved Rolf Nilsen og Odd Alvheim.

1. påskedag:

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til N.M.S.
 Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Misjonssambandet.

Nesheim kyrkje: Res. kap. Hernes. Offer til Norges kr. Ungdomsforbund.

Eksingedalen kyrkje: Møte kl. 11.00 ved Rolf Nilsen og Torger Reve.

Bergsdalen kapell kl. 20.00: Møte ved K.F.U.K. sine folk.

2. påskedag:

Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Misjonssambandet.

Eksingedalen kyrkje kl. 16.00: Res. kap. Bjørsvik.

1. søndag e. påske (18. april):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun.

2. søndag e. påske (25. april):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Konfirmasjon. Kollekt til nytestamente og biblar.

Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Konfirmasjon. Kollekt til nytestamente og biblar.

25. april e.m.: Innsamlingsaksjon til flyktninghjelp.

1. mai:

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

3. søndag e. påske (2. mai):

Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Årsmøte e.m: for Misjonssambandet.

Eksingedalen kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd. Offer til Det Blå Kors.

Nesheim kyrkje kl. 15.00: Res. kap. Bjørsvik. Offer til N.M.S.

Eidsland Samvirkelag**EIDLSDANDET****Filial: Lavik****DALE BILSERVICE****Johannes A. Lid & Co**

Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE**DALE**

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
 Frukt og grønnsaker

Dale Blomsterhandel

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

<i>DALE, Tlf. 2421</i>	<i>Frå</i>	<i>Til</i>
Måndag t.o.m.		
torsdag	8.30	15.00
Fredag	10.00	17.30

<i>VAKSDAL, Tlf. 3605</i>		
Tysdag	9.30	16.00
Torsdag	9.30	13.00
Fredag	9.30	17.30

<i>STAMNES, Tlf. 3 a</i>		
Laurdag	9.00	12.00

Brumvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHALLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**



Bensin - Dekk - Rekvisita

Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189-2431 -
Dalekvam

RADIOSPECIALEN ^{A/S}
Tlf. 2240 DALKEVAM
R A D I O — T V
Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri
FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER - SANGBØKER
EIDE & PETERSEN ^{A/S}
Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse
Tlf. 2323 DALEKVAM

Stanghelle Handel
STANGHELLE

Vaksdal koop. Handelslag
V A K S D A L

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning